



Aktivitetshuset i Uskedalen er fullført og ein viktig milepel for bygda dermed passert.

Fylkeskommunen har no overført 1.000.000 innvilga av spelemidlar for 2004 og 2.416.000 innvilga av spelemidlar for 2005 til kommunen.

Det samla beløpet på 3.416.00 er 416.000 meir enn berekna på førehand og ein vart først klår over det då dei siste dokumenta skulle sendast inn.

- No er det viktig at ekstrasummen på 416.000 kroner blir brukt på fornuftig og langsiktig vis. Etter at kostnadane til fullføring av trimrommet er dekt, vil det vera klokt å nytta 200.000 kroner til nedbetaling av lånet. Det seier ein sentral pådrivar bak prosjektet, Kjell Yri til uskedalen.no.

Ein annan sentral pådrivar og kasserar i eit viktig stadium av prosjektet var Leon Gundersen.

Han seier seg heilt samd i forslaget frå Yri om bruk av ekstrasummen.

- Det er viktig at desse pengane ikkje går rett inn i den daglege drifta. Eg vonar at den nye leiinga høyrer på dei gamle travarane i dette spørsmålet, seier Leon Gundersen.

Av Ola Matti Mathisen